

**Avtale**  
**mellom**  
**Vaksdal kommune**  
**og**  
**Statens vegvesen Region vest**  
**(på vegne av Hordaland fylkeskommune)**  
**om trafikksikringstiltak på fv. 343 - Vaksdal sentrum.**

I samband med trafikksikringstiltak (TS-tiltak) i Vaksdal sentrum er det inngått fylgjande avtale mellom Statens vegvesen (SVV), org.nr.: 971032081 og Vaksdal kommune (VK), org.nr.: 961821967.

1. Gjennomføring av TS-tiltaka er i tråd med vedteken trafikksikringsplan i Vaksdal kommune.
2. I tillegg til kommunale vegar omfattar prosjektet også tiltak på fv. 343 i form av særskilt fartsgrense 30 km/t, 2 opphøga gangfelt og 1 fartshump. Jf. skiltvedtak V303-35-2014 og tilhøyrande skiltplan datert 27.10.2014.
3. Det er semje om fylgjande einingsprisar:

Fartshump, komplett	kr. 14 400 + mva
Opphøga gangfelt, komplett	kr. 16 000 + mva
Trafikkskilt, komplett	kr. 5 600 + mva

Det er behov for 1 fartshump, 2 opphøga gangfelt (er gangfelt her i dag) og 8 fartsgrenseskilt 30 km/t (2 av desse skilta kombinert med skilt om fartshumpar). Samla kostnad for tiltak på fv. 343:

1 fartshump	kr. 14 400
2 opphøga gangfelt	kr. 32 000
8 trafikkskilt	<u>kr. 44 800</u>
	kr. 91 200
+ mva	<u>kr. 22 800</u>
Totalt	<b>kr. 114 000</b>

4. VK står for arbeidet på fv. 343 samtidig med tiltak på kommunale vegar. SVV betalar VK kr. 114 000 (inkl. mva) for arbeidet på fv. 343. Eventuelle meirkostnadar med tiltaka må dekkast av Vaksdal kommune.
5. Utbetaling til VK, skal skje seinast 15.12.2014. Arbeidet skal vera fullført innan 01.07.2015.

2/1

6. Dersom arbeidet heilt eller delvis ikkje vert utført skal VK betala tilbake utbetalt sum tilsvarande gjenståande arbeid.
7. Når tiltaka er gjennomført vil SVV saman med Vaksdal kommune ta ei synfaring for å kontrollere og godkjenne at tiltaka er gjennomført i samsvar med dei føresetnader som er lagt til grunn. Eventuelle manglar må rettast av Vaksdal kommune

Voss/Dalekvam ..... <sup>2/12-14</sup>

*Olav Finne*

Olav Finne  
Avdelingsdirektør

*Eirik Haga*

Eirik Haga  
ordfører

